



Årsmelding 2012



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Visjon
Vi vernar verdjar

Verdjar

Truverdige

Hjelpsame

Samhandlande

Innholdsliste

Lotteri- og stiftelsestilsynet 2012	4
Direktøren si oppsummering	5
Slik er vi organisert	7
Det skjedde i 2012	8
Lotteritilsynet	10
Jobba med kampfiksing på fleire plan	11
Pengespelkonferansen 2012	12
Arbeidet med kampfiksing	14
Det skjer i 2013	15
Hjelpelinja i 2012	16
Statistikk for den regulerte pengespelmarknaden	18
Nettspel innanlands og utanlands	22
Stiftelsestilsynet	26
Milliardar frå pengeutdelande stiftelsar	27
Talet på stiftelsar stabiliserer seg	28
Nytt søkeverktøy i Stiftelsesregisteret	29
Passerte 40 prosent kvinner	30
Det skjer i 2013	31
Momskompensasjon	34
Frivillig sektor godt nøgd med momsordninga	35
Stadig fleire leverer elektronisk søknad	36
Idrettsmomsen aukar framleis	37
Det skjer i 2013	37
Dialog og service	38
Vi vil dele ny kunnskap	39
Brukarvenleg nettsatsing	41
Vi har fornøgde brukarar	43
Stadig fleire krev innsyn i dokument	45
Nøkkeltal for 2012	47

Lotteri- og stiftelsestilsynet 2012



Direktør Atle Hamar i Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Då kampfiksing råka oss

Kampfiksing vart den store saka i pengespelsektoren i 2012. Heile andre halvår dominerte avsløringane om kampfiksing i norsk fotball kvardagen – også for Lotteritilsynet.

Vi såg tidleg at avsløringane kunne true omdømet ikkje berre til spel som oddsen, men også spelselskap og ansvarlege styresmakter. Difor vart det teke raske initiativ for å få i gang prosessar mellom sentrale aktørar som Norsk Tipping, idretten, Lotteritilsynet og Kulturdepartementet.

Sette dagsorden

I tillegg var Kulturdepartementet raskt ute med å setje dagsorden, mellom anna ved å starte arbeidet med ein nasjonal handlingsplan mot manipulering av idrettsresultat. Handlingsplanen var klar før årsskiftet, og den gir Lotteritilsynet konkrete arbeidsoppgåver.

Men vi vart også engasjert aktivt i Europarådet sitt arbeid med ein konvensjon mot kampfiksing, og i ei nordisk arbeidsgruppe som skal føreslå tiltak mot kampfiksing i dei nordiske landa.

Samla er det sett i gang eit omfattande arbeid for å kjempe mot eit problem som i verdsmålestokk kan vise seg å vere større enn vi likar å tenkje på.

Rett og viktig

Vi helsar velkomen Kulturdepartementet sitt initiativ om å vurdere fordelinga av overskotet i sentrale delar av pengespelsektoren. Dette er etter vårt syn eit rett og viktig initiativ sidan det er store summar som framleis er knytt til om lag og organisasjonar hadde inntekter frå automatmarknaden for over ti år sidan.

Stiftelsestilsynet gjennomførde i 2012 ei temaundersøking som gav oss ny og svært interessant kunnskap. Det viser seg at vel 3500 av dei ca. 7600 stiftelsane deler ut pengar til ei rekkje gode føremål. Ja, dei siste åra er heile tre milliardar kroner delt ut kvart år.

Dermed kan vi slå fast at pengeutdelande norske stiftelsar spelar ei viktigare rolle i det norske samfunnet enn vi var klar over.

Dessutan vil det heretter bli vesentleg lettare å leite seg fram til stiftelsar som deler ut pengar til ymse formål. Det er ein konsekvens av at alle no kan gjere søk i alle vedtektene som ligg i Stiftelsesregisteret.

I 2012 vart Kulturdepartementet overordna departement også for Stiftelsestilsynet. Vi trur dette blir ei løysing alle partar vil nyte godt av relativt raskt.

Sit på mykje kunnskap

2012 var året då vi starta Kunnskapsprosjektet som etter kvart skal bli ei anna faktakjelde som nordmenn kan ause av. Gjennom år har Lotteri- og lotteritilsynet på sine tre fagfelt samla ei enorm mengd med faktakunnskap både om filantropien og den frivillige sektoren her i landet. Å dele denne kunnskapen med andre vil i framtida bli viktig, ikkje minst for den politiske sektoren.

Overtek Grasrotandelen

Ordinga med moms kompensasjon veks stadig, og i 2013 vil vi fordele rundt ein milliard kroner til lag og organisasjonar. Kulturdepartementet ønskte ei grundig evaluering av ordninga, og den var klar hausten 2012. Gledelig nok viste det seg at to tredjedelar av dei som deltok i ei større spørjeundersøking konkluderte med at ordninga er ubyråkratisk – heilt i tråd med intensjonen.

Vi ventar no på ny forskrift som skal føre moms-kompensasjonen vidare. Samstundes er det klart at teamet som jobbar med momskompensasjon i 2013 vil få endå ei spennande arbeidsoppgåve. Frå januar vart Lotteri- og stiftelsestilsynet tilsynsorgan for Grasrot-andelen som Norsk Tipping fordeler. Dette arbeidet vil ytterlegare forsterke vår nærleik til, og kunnskap om, den store og viktige frivillige sektoren her i landet.

Lotteritilsynet vil også få nye tilsynsoppgåver i 2013. Etter planen skal Norsk Tipping introdusere nye nettspel hausten 2013. Vi har lagt mykje arbeid i å skape spelereglar som vil gjere desse spela til ansvarlege spel som likevel er attraktive nok til at nordmenn vil velje dei framfor å spele på utanlandske nettstader.

Fleire konferansar

Vi held fram tradisjonen vår om å møte brukarane på fagleg nyttige konferansar i Førde. I 2012 var vi vertskap for ein pengespelkonferanse, og våren 2013 kan vi ønskje velkomen til den femte stiftelseskonferansen.

Hausten 2013 kan vi dessutan for første gong ønskje regulatoriske styresmakter i pengespelsektoren velkomen til Oslo. Då er vi vertskap for den årlege konferansen i Internasjonal Association of Gaming Regulators (IAGR).

Gode tilbakemeldingar

For andre år på rad utførte vi i 2012 ei omfattande brukarundersøking. Svara vi fekk var oppløftande, og stadfester at humør og god service blant våre tilsette blir verdsett. Undersøkinga viste også at brukarane har svært høg tillit til oss, og at våre tilsette møter dei med eit godt og forståeleg språk.

Førde, februar 2013




Atle Hamar
direktør

Slik er vi organisert



Lotteri- og stiftelsestilsynet



Det skjedde i 2012

Januar

- Endring i forskrift om bingo.
- Søknadsfrist tiltak mot speleavhengighet.

Februar

- Innsending rekneskap for bingo og bingoentreprenører.
- 5100 informasjonsbrev om rekneskapsrapportering.

Mars

- Start på prosjekt med søkbare vedtekter i Stiftelsesregisteret.

Mai

- Søknadsskjema momskompensasjon publisert.

Juni

- Årleg konferanse i European Foundations Centre i Belfast.
- Frist for søknad om tilskot frå overskotet til Norsk Tipping.
- Frist for rekneskapsrapportering for lotteriverdige organisasjonar.
- Alle forvaltningssaker eldre enn 2011 ferdig handsama i Stiftelsestilsynet.

Juli

- Høyringsbrev sendt ut om endringar knytt til bingo og meldingslotteri.
- Betalte ut 511 millionar kroner frå overskotet i Norsk Tipping til IOH.
- Første elektroniske nyheitsbrev sendt ut.

August

- Frist for innsending av halvårsrekneskap for bingo i pott.
- Tilbakekalling av godkjenning for organisasjonar som ikkje sende rekneskapsrapport.
- Søknadsfrist idrettsmoms.
- Nordisk direktørmøte pengespel på Bornholm.

September

- Søknadsfrist generell momskompensasjon.
- Pengespelkonferansen 2012 i Førde.
- Frist for innsending av søknad om bingo frå januar 2013.
- Start på arbeid med responsivt design saman med Mediebruket.

Oktober

- Passerte 99 prosent vedtekter og styremedlemer i Stiftelsesregisteret.
- Start produksjon av informasjonsfilmer i samarbeid med Applaus film & TV.

November

- Utbetaling idrettsmoms.
- Endeleg tildeling frå speleoverskotet i Norsk Tipping.

Desember

- Temakontrollen om pengeutdeling i norske stiftelsar ferdig.
- Søknadsrunde idrettsanlegg for 2013 vart opna.
- Utbetaling generell momskompensasjon.
- Betalte ut 49 millionar kroner i tilskot frå overskotet i Norsk Tipping.
- Stiftelsestilsynet overført frå Justisdepartementet til Kulturdepartementet.



Frå innspelinga av våre nye informasjonsfilmer som kjem på nett i 2013. Vi ser skodespelarane Yngvild Støen Grotmol og Marcus Tønseth, og i midten regissøren Harald Herland.

Lotteritilsynet



Elna Berge er avdelingsdirektør i Lotteritilsynet.



Team lotteriforvaltning og tilskot, framme frå venstre Målfrid Kibsgaard, Inger Helen Stenevik og Carmen Vie. Bak frå venstre Tore Bell, Stig Årdal som var teamkoordinator i 2012, Anne-Lise Bekjorden og Trine Levanger.

Jobba med kampfiksing på fleire plan

Lotteritilsynet vart aktivisert på fleire plan etter avsløringar om kampfiksing i norsk fotball i 2012. Det vart raskt etablert kontakt mellom Kulturdepartementet, Lotteritilsynet, Norsk Tipping og sentrale organ innan idretten då det var klart at den første store kampfiksingsaka var eit faktum her i landet.

Arbeidet med å førebyggje og avdekke kampfiksing vart intensivert på fleire plan utover hausten. Både nasjonalt, på nordisk plan og i Europarådet deltok Lotteritilsynet aktivt i arbeidet som på kort og lang sikt skal førebyggje og avsløre manipulering med idrettsresultat (sjå eigen artikkel).

Tett dialog

I etterkant av kampfiksingsaka i Norge hadde Lotteritilsynet tett dialog med Norsk Tipping, mellom anna fordi det vart avdekka at kommisjonærar var involvert i ureglementert spel. Norsk Tipping gjennomførde difor ein intern revisjon om kampfiksing og økonomiske misferd hos kommisjonærar.

Revisjonsrapporten var ferdig i desember, og skal følgjast opp internt i selskapet og i samråd med Lotteritilsynet i 2013.

Tilsyn Norsk Tipping

Overfor Norsk Tipping hadde Lotteritilsynet i 2012 fire planlagde tilsyn om

1. kampanjar
2. Belago
3. marknadsføring
4. distribusjon av spel på elektroniske kanalar

Ved dei planlagde tilsyna vart det registrert to avvik som galdt marknadsføring av selskapet sine pengespel.

Nye spelkonsept godkjende

Norsk Tipping skal hausten 2013 introdusere nye pengespel på nettet, og Lotteritilsynet handsama difor fire nye spelkonsept i tillegg til fem saker som galdt endringar i eksisterande spelereglar. Vi godkjende også ti nye spel på Muxit-terminalane og eitt nytt spel på Belago-terminalane. Lotteritilsynet handsama sju klager frå spelarar i 2012, men ingen av dei fekk medhald i sine klager.

Tilsyn Norsk Rikstoto

Lotteritilsynet gjennomførde ti planlagde tilsyn mot Norsk Rikstoto i 2012. Tilsyna omfatta

- tilbakebetaling av innsats
- speleansvar

- marknadsføring
- distribusjon av spel på elektroniske kanalar
- fem banetilsyn på følgjande baner: Bjerke, Harstad, Leangen, Sørlandet og Øvrevoll

Det vart ikkje funne avvik under dei planlagde tilsyna mot Norsk Rikstoto i 2012. Vi handsama ei endring i spelereglement, men hadde ingen klagesaker som galdt totalisatorspel.

Utanlandske nettspel

Tidleg på året leverte Lotteritilsynet ein evalueringsrapport om betalingsforbodet frå norske bankar til utanlandske spelselskap – eit forbod som vart innført i 2010. Konklusjonen i rapporten var at forbodet har vore mindre effektivt enn det som var målet. Likevel er tilgangen til pengespel utan norsk løyve blitt litt vanskelegare. Speling på utanlandske nettspel har flata ut, og brutto omsetning vart i 2012 estimert til ca. fem milliardar kroner brutto.

Framlegg til tiltak

Lotteritilsynet meiner Kulturdepartementet bør vurdere å effektivisere forbodet mot betalingsformidling. Blant anna føreslår tilsynet

- tettare samarbeid med banknæringa
- tilgang til Valutaregisteret
- avvising av transaksjonar på spelselskapets namn
- rapporteringsplikt for bankane

Mot slutten av året leverte vi ei ny og oppdatert utgåve av «Fjernspillrapporten» til Kulturdepartementet.

Problematisk speleåtfærd

På bakgrunn av forslag frå Lotteritilsynet, vedtok Kulturdepartementet ein ny handlingsplan mot speleproblem like før jul 2012. Planen for perioden 2013-2015 har som mål å

- sikre at få nordmenn skal utvikle problematisk speleåtfærd
- auke, formidle og dele kunnskap om spel og speleproblem
- sikre at problematisk speleåtfærd tidleg blir identifiserast og skal sikre god behandling

Ærleg og dramatisk om speleproblem

Sogndalspelaren Ørjan Hopen imponerte deltakarane på Pengespelkonferansen 2012 med ei ærleg og dramatisk historie om korleis han kom seg ut av sine alvorlege pengespelproblem. Han vart speleavhengig alt i ung alder, men til slutt tok han tak i sine egne problem.

Ørjan Hopen var saman med den legendariske fotballtrenaren Nils Arne Eggen to av dei som bidrog til å trekkje deltakarar til pengespelkonferansen i Førde i september 2012. Eggen trollbatt forsamlinga med eit foredrag om korleis eit godt lag skal byggjast. Konferansen sette elles på dagsorden både viktige pengespelsaker og utviklinga i den store frivillige sektoren.

På stram line

Under tittelen «Balanse på stram linje» hadde administrerende direktør Kolbjørn Almlid i Norsk Tipping ein gjennomgang av selskapet sin spelpolitikk. Norsk Tipping må alltid ta omsyn til at spela skal vere ansvarlege, men samstundes må dei vere så attraktive at folk som ønskjer å spele, nyttar seg av tilboda frå Norsk Tipping, og ikkje vender seg til den uregulerte spelemarknaden.

Almlid understreka at det for Norsk Tipping er viktig å førebyggje uheldig speleåtferd. Det skjer blant anna gjennom å skape rette haldningar, men også gjennom aktivt å regulere, informere og lære opp – i kombinasjon med overvaking av spelaktiviteten.

Norsk Tipping har tre viktige siktemål fram mot 2015. Det er fornying av produkta sine, det er kontroll med uønskt speleåtferd og sikker drift.

Stor frivillig sektor

Dr. polit Karl Henrik Sivesind frå Institutt for samfunnsforskning gjorde opp status for aktiviteten i den store frivillige sektoren her i landet. Nesten annakvar nordmann deltar i frivillig aktivitet, og der ligg vi på topp i Europa saman med svenskane. Talet på aktive lag og foreiningar ligg no litt under 100 000, og har gått ned med nærare 4000 på vel ti år. Kultur og fritid utgjer nesten 45 000 lag og foreiningar. Størst er nedgangen for religion, der det forsvann nesten 6000 lag for foreiningar i åra 2007 til 2009.

Trenarlegenda Nils Arne Eggen trollbatt forsamlinga med sitt foredrag om korleis han bygde eit godt lag.



Morten Rønne fra Danish Online Gambling Association sette søkjelyset på utviklinga av nettspel i Europa. Danmark har innført eit system der utanlandske spelselskap kan søkje konsesjon. Morten Rønne konkluderte med at det er ønskeleg med ei harmonisering av lovgjevinga i EU-landa når det gjeld pengespelet, men la til at dette er ein langsam prosess.

110 deltakarar

Pengespelkonferansen 2012 samla 110 deltakarar på Sunnfjord Hotell. Lotteri- og stiftelsestilsynet nytta sjansen til å informere deltakarane om ordninga med momskompensasjon og korleis Lotteritilsynet jobbar med pengespelproblem.



Sogndalspelaren Ørjan Hopen fortalde ope som sine problem som speleavhengig under Pengespelkonferansen 2012. Her i samtale med kommunikasjonsdirektør Anne Mette Hjelle.

Direktør Torbjørn Almlid i Norsk Tipping, statssekretær Mina Gerhardsen i Kulturdepartementet og direktør Atle Hamar i Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde alle bidrag under Pengespelkonferansen.



Arbeid med kampfiksing på tre plan

Norsk fotball fikk si første kampfiksingssak i juli 2012. Det førte til at Lotteritilsynet raskt vart involvert i arbeid mot manipulering av idrettsresultat på tre plan - nasjonalt, nordisk og europeisk.

Utover hausten deltok Lotteritilsynet i arbeidet med å lage ein nasjonal handlingsplan mot kampfiksing som Kulturdepartementet tok initiativ til. I tillegg deltar vi saman med Kulturdepartementet i Europarådet som jobbar med ein konvensjon mot kampfiksing. Dessutan leiar Lotteritilsynet ei gruppe der dei nordiske lotteritilsyna skal finne fram til felles tiltak.

Fleire oppgåver

Ansvarlege instansar reagerte raskt då kampfiksing kom for ein dag. Det vart oppretta kontakt mellom sentrale organ i fotballen og idretten elles, Lotteritilsynet, Norsk Tipping og Kulturdepartementet. Arbeidet med den nasjonale handlingsplanen kom raskt i gang, og alt den 11. desember vart planen presentert.

I planen er Lotteritilsynet tildelt fleire oppgåver. Mellom anna skal tilsynet etablere ein kunnskapsbase om kampfiksing på sine nettsider. Lotteritilsynet skal også etablere og leie eit samarbeidsforum der idretten, Norsk Tipping og offentlege styresmakter er med.

Konvensjon i 2014

Europarådet starta sitt konvensjonsarbeid i oktober. Målet er at ein ferdig konsesjon kan signerast første halvår 2014. I arbeidet med konvensjonen har Lotteritilsynet forhandlingsansvar for arbeid som er retta mot spelstyresmakter og spelselskap – den såkalla Betting Group.

Første møtet på nordisk plan vart halde i desember. Den nordiske arbeidsgruppa skal innan hausten 2013 komme med forslag til tiltak som skal førebyggje kampfiksing i dei nordiske landa. Både Sverige og Danmark opplevde kampfiksing i 2012, mens det i Finland vart avdekket ei stor sak for nokre år sidan.

Bestilte revisjonsrapport

I etterkant av kampfiksingssaka i Norge har Lotteritilsynet hatt tett dialog med Norsk Tipping, mellom anna fordi det vart avdekket at kommisjonærar var involvert i ureglementert spel. Norsk Tipping gjennomførte difor ein intern revisjon om kampfiksing og økonomiske misferd hos kommisjonærar.

Revisjonsrapporten var ferdig i desember, og skal følgjast opp internt i selskapet og i samråd med Lotteritilsynet i 2013.

Liv Røthe og Frank Hana er engasjert i Lotteritilsynets arbeid mot kampfiksing på fleire plan.



Vertskap for verdas regulatørar

Det skjer i 2013

Norge blir vertskap for den store årlege konferansen i International Association of Gaming Regulators (IAGR) i 2013. Det er første gong regulatoriske styresmakter frå heile verda møtest her i landet for å dele kunnskap og diskutere pengespelregulering.

Direktør Atle Hamar er leiar i programkomiteen, og seniorrådgjevar Trude Felde i Lotteritilsynet er også sterkt involvert i IAGR sitt arbeid før konferansen i Oslo. Ho vart i 2012 vald til styresekretær i IAGR.

Lotteritilsynet vil elles få mange krevjande oppgåver i 2013, mellom anna gjeld det

- deltaking i arbeidet med å vurdere tilskot frå Norsk Tipping til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar
- innspel til Kulturdepartementet ved evaluering av automatereforma
- vurdering av endring i gjeldande forskrifter etter dei tre lovene på fagfeltet vårt

- deltaking i ei ekspertgruppe som skal vurdere den teknologiske utviklinga i pengespel
- utvikling av metodar for å føre tilsyn med dei nye nettspele til Norsk Tipping
- arbeid med kampfiksing på nasjonalt, nordisk og europeisk nivå

Nytt register

Arbeidet med ei ny utgåve av Lotteriregisteret vil også få prioritet i 2013. Her er planen at drifta skal flyttast frå Brønnøysund til Lotteritilsynet. Aukande digitalisering, mellom anna utvikling av e-skjema gjennom Altinn, er også ei prioritert oppgåve.

Dessutan skal Lotteritilsynet delta i EU-kommisjonen sitt arbeid i kjølvatnet av «Green Paper on online gambling in the Internal Market».



Tre direktørar under det nordiske direktørmøtet på Bornholm i august 2012. Frå venstre Alte Hamar, Birgitte Sand frå Danmark og Jouni Laiho frå Finland.

Trude Felde (t.v.) saman med president Susan Hensel i IAGR.

Pengespel stabilt - dataspel aukar på Hjelpelinja

Trafikken på Hjelpelinja for speleavhengige hadde ein liten auke i 2012. Talet på samtaler om pengespel var stort sett uendra frå 2011, medan samtaler om dataspel fekk ein større auke.

Det er endringar i fordeling av samtaler på dei ulike pengespela. Samtaler om kasinospel er blitt fleire, og er no dei spela som oftast blir omtalt. Også oddsspel og poker er blant spel som ofte er tema i samtalanene.

I 2012 hadde Hjelpelinja 1 174 seriøse samtalar om speleproblem. 1 061 av desse handla om spelarar, mens resten kom frå til dømes behandlingsapparat, media og forskarar. Samtalar om spelarar har auka med fem prosent frå året før.

Ned ein prosent

Talet på samtaler om pengespel utgjorde 735, og vart redusert med ein prosent sidan 2011. Samtaler som utelukkande handlar om dataspel utgjorde 326. Her var auken 23 prosent frå året før.

Blant dei som ringte eller vart omtalt ved Hjelpelinja om pengespelproblem i 2012, var 84 prosent menn. Snittalderen for menn var 36 år, og for kvinner 48 år.

16 prosent av samtalanene om pengespel handla om spelarar som ikkje er fødte her i landet. For dataspel var andelen fire prosent.



Mette Mohn (i midten) er dagleg leiar av Hjelpelinja. Her flankert av Jonny Engebø og Linda Vøllestad Westbye frå Team spelåttferd og marknadskontroll.

Poker stadig nedover

Blant førstegongs samtaler var kasinospel, oddsspel og poker oftast nemnde som hovudproblemspelet med høvesvis 159, 105 og 103 samtaler. Samtaler om poker har gått ned i fleire år. Dessutan har talet på samtaler om oddsspel også hatt ein reduksjon dei siste to år.

Samstundes har talet på samtaler om kasinospel auka sterkt. Talet på samtaler om Multix har også vakse, og nådde 46. I tillegg mottok Hjelpelinja tre samtaler om Belago som er terminalspel som Norsk Tipping utplasserte i bingohallar gjennom 2012.

Mange av problemspela er nettspel, og kasinospel, poker og oddsspel blir ofte nemnde. I førstegongs-samtalar om pengespel oppgav 65 prosent at hovudproblemspelet vart spelt frå PC, nettbrett eller mobiltelefon heime.

Færre bingosamtaler

Samtaler om bingospel vart samla sett redusert frå 104 i 2011 til 79 i 2012. Lotteritilsynet ser endringa i samanheng med at regelverket for databingo vart endra i starten av 2012.

Samtaler om hestespel har vore stabilt over fleire år. I 2012 var hestespel det einaste eller det mest problematiske spelet i 57 samtaler.

Hjelpelinja registrerer i kva grad samtaler om oddsspel gjeld Norsk Tipping, og i kva grad samtalar om hestespel gjeld Norsk Rikstoto. Når odds er nemnt som hovudproblemspel, sa 76 prosent at det galdt spel hos Norsk Tipping. Tilsvarende galdt 82 prosent av samtالene hestespel hos Norsk Rikstoto. Desse prosentane kan reelt sett vere noko større sidan ikkje alle som nemner odds- eller hestespel oppgir kven dei spelar hos.

Dataspel aukar

Hjelpelinja mottar også samtalar om dataspel som ikkje blir rekna som pengespel. I 2012 handla 326 samtalar utelukkande om dataspel. I 2011 var talet 264. Mange av samtالene handla om rollespel (47 prosent), og ein del nemner strategispel (16 prosent) eller action- eller skytespel (15 prosent).

Samtaler om dataspel kjem oftast frå pårørande. I 96 prosent av samtالene var spelaren mann, og snittalderen var nær 19 år.

Auke i den regulerte marknaden – nedgang i bingo

I 2012 vart det omsett for brutto 28,6 milliardar kroner i den regulerte pengespelmarknaden. I 2011 var omsetninga 26,8 milliardar, og auken skuldast hovudsakleg omsetningsauke i spel hos Norsk Tipping.

Omsetning i bingo hadde ein større reduksjon i 2012. Estimert tyder på at reduksjonen i høve 2012 blir godt over ein milliard kroner for brutto omsetning og om lag 400 millionar for netto omsetning. Dette skuldast nye spelereglar for databingo der det no er lagt inn ein pause mellom kvart spel. Nedgangen i omsetninga var venta både av bingo-bransjen og styresmaktene, men nedgangen var kanskje ikkje så stor som bransjen frykta.

På bakgrunn av tala for 2012 vil kvar innbyggjar, utan omsyn til alder, i gjennomsnitt ha satsa 5 700 kroner på pengespel. Når gevinstane er trekte frå, la nordmenn i 2012 igjen 9 milliardar kroner på pengespel. Dette utgjer 1 800 kroner per innbyggjar¹.

Innsats og tap på utanlandske nettstader kjem i tillegg til dette. Gjennom kvartalsvise målingar som Sentio Research Norge AS har utført for Lotteritilsynet, kjem det fram at 390 000 nordmenn spelte pengespel på Internett i 2012. Om lag 150 000 av desse spelte på utanlandske nettstader.

Kor mykje av spel- og lotteriinntektene som gjeikk til humanitære og samfunnsnyttige formål i 2012, var ikkje kartlagt då årsmeldinga vart laga.

Tabellen viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er det samla innsatsbeløpet frå spelarane. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinstar er utbetalt. Netto omsetning blir fordelt mellom formål og aktørar, for eksempel lag og organisasjonar, entreprenør, operatør eller kommisjonær.

Spel- og lotterimarknaden 2012

	Millionar NOK		Millions EURO ²	
	Brutto oms.	Netto oms.	Gross turnover	Expenditure
Norsk Tipping				
- eigne spel, ekskl. Multix og Belago	11 392	5 283	1 524	707
- Multix	5 945	494	795	66
- Belago	1 044	89	140	12
Norsk Rikstoto	3 879	1 263	519	169
Talspelet Extra	864	435	116	58
Lotteri (eksklusiv Flax) *	400	300	50	40
Bingo *	4 600	1 000	620	130
Spel på skip ³	431	86	58	12
Totalt	28 600	9 000	3 820	1 200
Per innbyggjar ⁴ (avrunda) Per capita	5 700	1 800	800	200

**) Estimert omsetning i 2012, NOK runda av til næraste 100 millionar, og EURO til næraste 10 million.*

¹Avgrensa til innbyggjarar 18 år og eldre blir gjennomsnittleg satsa beløp kr 7 300,- og gjennomsnittleg tap kr 2 300,-


²Noregs Bank, årsgjennomsnitt av midtkursar 2012: 7,4744

³Tal for omsetning er foreløpige / preliminary figures


⁴SSB, folkemengde 1. juli 2012: 5 017 518.

Norske spel og lotteri - prosentvis del av omsetninga, i år 2012

Brutto omsetning 28,6 milliardar



Netto omsetning 9,0 milliardar



Norsk Tipping si brutto omsetning for eigne spel, eksklusiv Multix og Belago, har auka med 9 prosent frå 2011. Omsetninga vart 11,4 milliardar kroner før vi reknar med omsetning på Multix- og Belago-terminalane.

På Multix og Belago vart det totalt spelt for nær 7 milliardar. Desse spela har høg gevinstprosent, og netto omsetning utgjer 583 millionar kroner. Talspelet Extra, som blir operert av Norsk Tipping, har hatt ein reduksjon i omsetninga på nær 5 prosent frå 2011.

Liten auke på hestespel

Norsk Rikstoto hadde ei brutto omsetning på nær 3,9 milliardar kroner, og fekk auka bruttoomsetninga med nær 2 prosent samanlikna med 2011.

Førebelse tal for spel på norskregistrerte skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn viser også ein liten omsetningsauke i 2012. Om bord på skipa er der to typar spel: Automatar og spelebord (spelebord⁵ er Black Jack og rulett). Norske og

utanlandske passasjerar spelte i 2012 for 431 millionar⁶ om bord i desse skipa. Det meste vart spelt på automatar, men 10 prosent vart satsa ved spelebord.

Tal for resten av marknaden er førebelse estimat der Lotteritilsynet har sett på eit utval innrapporterte rekneskapstal og løyve gitt i Lotteriregisteret.

Nedgang for bingo

Foreløpige berekningar viser at bingo med og utan entreprenør hadde ei samla brutto omsetning på om lag 4,6 milliardar kroner i 2012. Omsetning for databingo er medrekna i estimatet, og databingo har hatt ein forholdsvis stor reduksjon i 2012.

Reduksjonen for databingo skuldast at det frå 1. januar 2012 vart innført regel om 30 sekunders pause mellom kvart spel. I løpet av 2012 er einskilde bingolokale blitt lagde ned, men det er også kome til nye. Ved utgangen av 2012 reknar vi med om lag 235 bingohallar knytt til bingoentreprenørar, noko som er ein liten auke frå året før då talet var 229.

⁵Black Jack på alle seks skipa, rulett berre på to.

⁶Brutto omsetning: Omsetning for automatar er beløpet som er putta på automatar av fysiske pengar og for spelebord er omsetning antall sjetongar som er kjøpt. Omsetningstal er foreløpige.

Belago i drift

Norsk Tipping har i 2012 plassert ut speleterminaler i bingolokale. Disse erstatter dei tidlegare bingoautomatane som vart fjerna frå marknaden i 2010. Omsetninga på Belago utgjorde i 2012 vel ein milliard brutto og nær 90 millionar netto. Denne omsetninga skriv seg frå spel i bingolokale, og lag og organisasjonar som får formålsinntekter frå bingo får også inntekter frå Belago.

I 2012 vart det gitt litt færre løyve til foreiningsbingo enn i 2011. For andre lotteri reknar vi med ei stabil omsetning samanlikna med året før.

Dette spelar nordmenn på

Lotteritilsynet får årleg gjennomført målingar om speleatferd i befolkninga⁸. Målingane blir utført i juni og desember. Kvar gong blir 1 000 personar 15 år og eldre spurde om deltaking i dei ulike spela.

Av Norsk Tipping sine spel er Lotto det flest har spelt det siste året, og det gjeld om lag halvparten av befolkninga. Færrast har spelt på Oddsen, Keno og på Multix. Målingane våre registrerer i svært liten grad spel på Belago, og tal frå Norsk Tipping stadfestar at få spelte Belago. I 2012 var det

17 000 spelarar som spelte Belago. Om lag kvar sjette nordmann har spelt talspelet Extra i løpet av det siste året på undersøkingstidspunktet.

Blant Norsk Rikstoto sine hestespel er det flest som oppgir at dei har spelt på spel som går ein gong i veka (V75 eller V65). Spel som kan spelast kvar løpsdag (V5, V4 eller Dagens Dobbel) eller enkeltløp (Vinner, Plass, Duo eller Trippel) er det færre som seier dei har spelt på⁹.

Blant private spel og lotteri er det flest som svarer at dei har kjøpt lodd i mindre lokale lotteri.

Med nokre unntak er desse resultatane jamt over stabile samanlikna med målingane vi fekk gjort i 2011.

På grunn av feilmarginar ved målingane vil reell andel spelarar kunne avvike noko frå det som er presentert her. Diagrammet under¹⁰ viser skilnader mellom menn og kvinner.

Basert på målingane spelar menn oftare enn kvinner på ei rekkje spel - Viking Lotto, Tipping, Oddsen, Keno, Multix, spel hos Norsk Rikstoto og lodd på panteautomat. Kvinner spelar oftare Extra og kjøper oftare lodd i dei mindre lotteriane.

Utviklinga

Millionar	2011		2012		Endring	
	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.
Norsk Tipping - egne spel, ekskl. Multix og Belago	10 453	4 937	11 392	5 283	9 %	7 %
- Multix	4 774	405	5 945	494	25 %	22 %
- Belago	84	8	1 044	89		
Norsk Rikstoto	3 813	1 256	3 879	1 263	2 %	0,5 %
Talspelet Extra	908	457	864	435	- 5 %	- 5 %
Lotteri (eksklusiv Flax) *	421	351	400	300	stabil	
Bingo *	5 972	1 406	4 600	1 000	mellom 20 og 30 % reduksjon	
Spel på skip ⁷	413	85	431	86	4 %	2 %
Totalt *	26 838	8 907	28 600	9 000	7 %	1 %

* Omsetninga er estimert og avrunda til næraste hundre millionar for år 2012.

⁷ Tal for omsetning er foreløpige for 2012.

⁸ Sentio Research Norge AS utførte målingane for oss.


⁹ I tillegg til resultatane som er vist har 1 % sagt dei har spelt hos Norsk Rikstoto utan at dei har nemnt kva type spel.

Dei fleste av desse har også nemnt spel som V75 og V65.


¹⁰ Resultat frå både juni- og desembermålinga er slått saman slik at vi har data frå 997 menn og 1 003 kvinner.

Andel¹¹ som har delteke i pengespel det siste året (på undersøkingstidspunktet)

Deltaking i norske lotteri og pengespel 2012



Kvinner og menn si deltaking i lotteri og pengespel 2012



¹¹Resultata må tolkast innanfor feilmarginar på +/- 2 til 3 pst for hovudfrekvensane.

Auke hos norske operatørar-stabil deltaking utanlands

Målingar som Lotteritilsynet får utført viser om lag like mange nettspelarar i 2012 som året før. Mange spelarar bruker PC når dei spelar på nettet, men siste gongen dei spelte på nett brukte 21 prosent mobiltelefonen medan 5 prosent brukte nettbrett.

74 prosent nytta PC eller Mac siste gongen dei spelte.

På oppdrag for Lotteritilsynet utfører Sentio Research Norge AS kvartalsvise spørjeundersøkingar om pengespel på nett. I 2012 viser målingane at 391 000 nordmenn frå 18 år og oppover spelte på Internett. Dette utgjør 10,1 prosent av den vaksne befolkninga¹.

For 2011 berekna vi 403 000 nettspelarar. Endringa frå 2011 er så pass lita at vi ser målingane meir som uttrykk for stabil deltaking.

Har eit etterslep

Sidan våre berekningar baserer seg på regelmessige målingar utført gjennom heile år, får vi etterslep. Talet på nettspelarar ved utgangen av 2012 kan reelt sett vere høgare enn vi får fram. Det kan også tenkjast at målingane i større grad måler dei som spelar ofte eller jamleg enn dei som spelar sjeldan.

Nettspelarar deltek både på norske og utanlandske nettstader, men fleire spelar på norske enn på utanlandske. 62 prosent har i 2012 svart at dei berre har spelt hos Norsk Tipping eller Norsk Rikstoto, 18 prosent at dei berre spelte på utanlandske nettstader, og 19 prosent at dei spelte på både norske og utanlandske.

Stabilt estimat

Frå målingane har 150 000 spelarar spelt på utanlandske nettstader. Dette utgjør 3,8 prosent av befolkninga². Talet er litt redusert frå 2011, då målingane viste 160 000. Endringa er lita, og vi ser den som indikator på stabilitet.

I tillegg til kvartalsvise målingar får Lotteritilsynet også utført to halvårlege undersøkingar der deltaking i pengespel blir kartlagt. Her inngår eitt spørsmål om spel på nett hos andre tilbydarar enn Norsk Tipping og Norsk Rikstoto, og 3,7 prosent³ svarte at dei har spelt på utanlandske nettstader i løpet av det siste året.

Yngre menn spelar oftare

Resultata frå våre målingar i 2012 viser at blant menn har 16 prosent spelt på nettet, og blant kvinner 4 prosent. I aldersgruppa 18 til 29 år har 15 prosent spelt. I gruppa 30 til 39 år er andelen 18 prosent. I aldersgruppene 40 til 49 år og 50 år eller eldre er prosentdelane høvesvis 10 og 5 prosent.

I 2012 svarte 75 prosent av nettspelarane at dei hadde spelt talspel som for eksempel Lotto i løpet av dei siste tre månadene på undersøkingstidspunktet. Denne prosentdelen har vore stabil dei siste åra. Ein del oppgir også å ha spelt sportsspel, og i 2012 er andelen 25 prosent. For hestespel er andelen 11 prosent.

Andel pokerspelarar er 14 prosent i 2012. 9 prosent oppgir å ha spelt skrapelodd, andre oddsspel enn sport eller automatliknande spel. 5 prosent har spelt andre kasinospel og 2 prosent seier dei har spelt bingo.

Fire av fem på Norsk Tipping

Berre Norsk Tipping og Norsk Rikstoto kan tilby regulerte pengespel på nettet her i landet. Ifølgje målingane spelte 80 prosent av nettspelarane hos Norsk Tipping, medan 14 prosent spelte hos Norsk Rikstoto i løpet av dei siste 12 månadene.


Blant dei spurde er det to utanlandske nettstader der 10 prosent eller fleire oppgir å ha spelt det siste året. Dette gjeld Unibet (13 prosent) og Betsson (12 prosent).

¹Målingane vart utført kvart kvartal, der om lag 1 000 personar 18 år og eldre vart spurde om dei har spelt pengespel over Internett i løpet av det siste året. Andel nettspelarar 18 år og eldre er 10,1 prosent (N=3 956), feilmargen 0,9 prosent (+/- 9 prosent i tal nettspelarar).

²Frå målingane har 3,8 % oppgitt å ha spelt på utanlandske nettstader. Talet spelarar er avrunda.

³Sentio Research AS utfører også desse halvårlege målingane: Undersøkingane vart gjennomført i juni og desember, 1 000 spurde kvar gong.

Hva slags spel har nettspelelarane spelt dei siste tre månadene?



Frekvens og innsats

I 2012 har 45 prosent av spelarane sagt at dei spelar 13 gonger eller meir i kvartalet. Gjennomsnittet er 18,8 gonger⁴, eller nærare halvannan gong i veka. Når det gjeld innsats, seier 45 prosent at dei spelte for 100 kroner eller mindre siste gongen dei spelte.

Spelevaner og betaling for spel

Nettspelelarane har fått spørsmål om dei har endra sitt spelemønster i løpet av dei siste 12 månadene. Totalt svarer 80 prosent at dei ikkje har det, medan 20 prosent har svart at dei har endra spelemønster til ein viss eller i stor grad.

Blant dei som utelukkande spelar på norske nettsider oppgir 85 prosent at spelemønster er stabilt. Blant dei som spelar utelukkande på utanlandske nettsider svarar 67 prosent at dei har endra spelelevarane.

Vi har ikkje statistikk om kva måte spelemønsteret er endra, men på opne spørsmål blir det svart at dei spelar

både meir eller mindre enn det dei gjorde før. 12 prosent av nettspelelarane har ikkje spelt på nett i løpet av dei siste 3 månadene. Blant dei som berre har spelt på norske nettsider er andelen 9 prosent og blant dei som berre har spelt på utanlandske er andelen 21 prosent.

Flest ettermiddag og kveld

73 prosent spelar på nett om ettermiddagen eller om kvelden. 6 prosent spelar om morgonen og 17 prosent spelar midt på dagen. 3 prosent spelar om natta. Spel på natt gjeld berre dei som spelar på utanlandske nettsider.

Dei som spelar på utanlandske nettsider har også fått spørsmål om kva betalingsmåte dei brukte siste gongen dei overførte pengar til spelestaden. To tredjepartar svarte dei brukte betalingskort (kredittkort 34 prosent eller debetkort/bankkort 32 prosent). 14 prosent brukte nettbankoverføring.

Andre betalingsmåtar som er oppgitt er til dømes elektronisk lommebok og førehandsbetalt betalingskort.

Nettspel forts. 

⁴Snittal for gonger spelt i kvartalet er 18,8 gonger, (N=389), feilmargen +/- 14 prosent eller 2,6 gonger.

Nettspel forts.

Så mykje satsar nordmenn utanlands

Å talfeste kor mykje nordmenn satsar på nettspel er vanskeleg. Lotteritilsynet sine berekningar byggjer på undersøkingar der utval av spelarar er forholdsvis små. I undersøkingane blir det spurt om kor mykje det vart spelt for alt i alt den siste gongen ein spelte. I tillegg kor mykje ein vanlegvis spelar for når ein er pålogga ein nettstad og spelar eitt eller fleire spel.

I gjennomsnitt oppgir spelarane at dei spelte for 269 kroner⁵ siste gongen dei var på logga ein nettstad og spelte minst eit spel. Gjennomsnittleg innsats for det ein vanlegvis spelar for var 259 kroner⁶.

Saman med estimert tal på spelarar, og kor ofte ein spelar, er dette nøkkelopplysningar som gir eit bilete på kor mykje det vert spelt for totalt sett. Nordmenn har då spelt for om lag 8 milliardar på nettspel i 2012.

Auke på 30 prosent innanlands

Norsk Tipping og Norsk Rikstoto rapporterer at det totalt vart satsa om lag 4,1 milliardar på deira nettsider i 2012. Dette utgjer ein auke på om lag 950 millionar, eller 30 prosent frå 2011.

Når det vart spelt for i overkant av 4 milliardar på dei norske nettstadene, vil dei resterande 4 milliardane i utrekninga vere satsa hos utanlandske nettspel-tilbydarar.

Det er stor usikkerhet knytt til slike tal. Tidlegare har vi estimert beløpet til 5 milliardar kroner, og indikasjonar om stabil deltaking bidrar til at vi framleis reknar med at nordmenn satsar om lag 5 milliardar på utanlandske nettstader. Målingane våre fangar truleg ikkje opp alt spel, og det er usikkert i kva grad storspelarar i representativ grad kjem med når datagrunnlaget vårt er så lite som det er.

Eit omtrentleg estimat

Eit anslag der nordmenn satsar fem milliardar kroner på utanlandske nettstader er eit omtrentleg estimat, og det er også eit estimat for kor mykje spelarar oppfattar at dei har satsa frå eiga lomme.

Beløpet dei oppgir å ha spelt for kan vere lågare enn verdien av alle spel dei har spelt. For eksempel gjeld dette for poker der vi i våre målingar spør om kor mykje spelar tok med seg til bordet eller kor mykje det kosta å vere med i turneringa. Verdien av all innsats i alle spel vil då ikkje vere medrekna.

Problemstillinga vil også gjelde for automatspel på nett der det er få sekund mellom kvart spel og spelar i stor grad spelar oppatt gevinst etter kvart. Spelar har truleg ei betre oppfatning av kor mykje som er overført frå bankkonto, enn den samla verdien av alle spel.

Anslaget på 5 milliardar har difor utgangspunkt i kor mykje spelarar oppfattar og seinare fortel at dei spelar for. Rapporterte tall frå speleoperatørar ville vist verdien av alt spel.

⁵Gjennomsnittleg spelte for siste gongen 269 kroner (N=363), feilmargen 14,7 prosent eller +/- 40 kroner.

⁶Gjennomsnittleg vanlegvis spelar for 259 kroner (N=375), feilmargen 19,8 prosent eller +/- 51 kroner.

Kor mykje legg nordmenn igjen?

Tidvis er det fokus på kor mykje nordmenn legg igjen på utanlandske nettstader eller kor mykje pengar som forsvinn ut av Norge. Dette beløpet er vesentleg lågare fordi estimatet på 5 milliardar ikkje tek omsyn til kva som blir tilbakebetalt til spelarar i form av gevinstar. Eit omtrentleg anslag for kor mykje som er tapt eller lagt igjen kan grovt sett tenkjast å utgjere 1 milliard kroner, men kanskje noko mindre.

Haldepunktet for dette hentar vi frå Danmark. Her er marknaden liberalisert, og omsetningstal for spelkategoriane «veddemål» og «onlinekasino» utgjorde 2 045 millionar danske kroner i 2012⁷. I dansk medium er operatøren Danske Licens Spil sin marknadsdel presentert til å ligge på nesten 60 prosent⁸. Denne operatøren svarer til Norsk Tipping her i landet.

Om lag 40 prosent av omsetninga skriv seg dermed frå dei andre lisensierte nettspeleoperatørane i Danmark, og desse utgjør i stor grad nettspeltilbydarane som her i landet blir omtalt som utanlandske tilbydarar. Om lag 40 prosent i Danmark utgjør mellom 800 og 850 millionar som danskane har lagt igjen hos regulerte nettspeltilbydarar når omsetninga til Danske Spil er halden utanom.

Dersom vi føreset at Danmark og Norge stort sett er like kan dette beløpet i stor grad samsvare med det som nordmenn legg igjen, eller taper, på utanlandsk nettstader frå Norge. Dersom vi føreset at danskane spelar meir fordi speletilboda er regulerte i Danmark, vil beløpet der vere noko større enn eit tilsvarande beløp i Norge.



⁷<http://www.skat.dk/SKAT.aspx?old=2091356>

Omsetninga er nemnt som «bruttospileindtægt» og er innsats fråtrekt gevinstar.

⁸<http://www.business.dk/media/danske-spil-goer-klar-til-anden-halvleg>

Stiftelsestilsynet



Avdelingsdirektør Gunn Merete Paulsen



Dei stod sentralt i arbeidet med temaundersøkinga om utdelande stiftelsar, frå venstre Per Ole Sollie, Steinar Hatlestad, Liv Tystad og Gro Pleym Iversen.

Milliardar frå stiftelsane til gode formål

Norske stiftelsar tilfører samfunnet vesentleg meir pengar enn vi fram til 2012 rekna med. Dette viser ei temaundersøking som Stiftelsestilsynet gjennomførde i 2012. Undersøkinga viser at det dei siste tre åra er det delt ut om lag tre milliardar kroner i året.

Vi undersøkte utdelingar i åra frå 2009 til 2011. Tala viser at det i 2009 vart utdelt om lag to og ein halv gong meir enn ei tidlegare undersøking som Institutt for samfunnsforskning gjennomførte for same året.

Funna i temaundersøkinga viser at norske stiftelsar dei tre aktuelle åra delte ut

- 2,7 milliardar kroner i 2009
- 3,2 milliardar kroner i 2010
- 3,0 milliardar kroner i 2011

Etter undersøkinga kan vi slå fast at vel 3 500 av landets 7 612 stiftelsar i 2012 hadde som formål å dele ut pengar. Utdanning og sosiale formål er dei sektorane som flest stiftelsar deler ut pengar til.

Mest pengar til forskning

Forsking er den sektoren som dei siste åra har fått tilført mest pengar frå norske stiftelsar, men utdanning, kultur og sosiale formål er også store mottakarar av pengar frå stiftelsane.

Ein god del stiftelsar delte ikkje ut pengar i den aktuelle perioden, sjølv om stiftelsane opplyser at utdeling av pengar er det einaste formålet i stiftelsen sine vedtekter.

Temaundersøkinga viser vidare at mange stiftelsar ikkje opplyser utdelingar verken i linje eller i note til årsrekneskapen.

Sikre funn

Undersøkinga omfatta alle landets stiftelsar, også finans- og sparebankstiftelsane. 77 prosent av stiftelsane svarte, og det er Stiftelsestilsynet fornøgd med. Funna i undersøkinga er sikre, særleg fordi stiftelsane som svarte rår over 93 prosent av bokført eigenkapital i norske stiftelsar.

På bakgrunn av funn frå undersøkinga, har Stiftelsestilsynet følgjande tilrådingar for pengeutdelande stiftelsar:

- Styret har plikt til kvart år å vurdere om det skal vere utdelingar.
- Utdelingar bør gå fram av årsrekneskapen.
- Utdelinga eller manglande utdeling bør gå fram av årsmeldinga.

For stiftelsar generelt har vi følgjande tilrådingar:

- Styret har plikt til å sørge for omdanning av stiftelsen dersom endra tilhøve har gjort det umogleg eller svært vanskeleg å dele ut etter formålet.
- Styret har plikt til å sørge for at data om stiftelsen i Enhetsregisteret er oppdaterte.

Den tredje temaundersøkinga

Undersøkinga om pengeutdelende stiftelsar er den tredje som er gjennomført. I 2010 var søkjelyset sett på internkontrollen i norske stiftelsar, mens kjøp og sal av fast eigedom var tema året etter. Rapportar frå alle dei tre temaundersøkingane er tilgjengelege på Stiftelsestilsynet sine nettsider www.stiftelsestilsynet.no

Temaundersøkinga fekk fram mykje ny kunnskap, også om fylkesvis fordeling av utdelande stiftelsar.

Talet på stiftelsar stabiliserer seg

Talet på stiftelsar er i ferd med å stabilisere seg, men den bokførte eigenkapitalen i norske stiftelsar aukar jamt og trutt. Ved utgangen av 2011 hadde eigenkapitalen nådd 90 milliardar kroner.

Det var 7594 stiftelsar registrert i Stiftelsesregisteret ved inngangen til 2013. I løpet av året kom det til 152 nye, men avgangen var litt større slik at nedgangen var på ca. 140 stiftelsar. Talet på nye stiftelsar ser ut til å stabilisere seg på frå 150 til 200 stiftelsar i året

6718 av stiftelsane var alminnelege stiftelsar. Talet på næringsdrivande var dermed 876. Talet på tilsette i norske stiftelsar er kome opp i ca. 35 000.

Færre blir sletta

Tendensen er stadig færre slettingar og samanslåingar i stiftelsessektoren. Men framleis er det ein del mindre stiftelsar som blir oppheva eller slått saman med andre. Den bokførte eigenkapitalen auka med cirka sju milliardar kroner i løpet av 2012. Auken var vesentleg større enn året før, men samstundes klart mindre enn i 2010 då det kom til mange sparebankstiftelsar med stor grunnkapital.

Bankane størst

Også i 2012 utgjorde sparebankstiftelsar dei største nyregistrerte stiftelsane, og fire av dei fem største nye var sparebankstiftelsar. Størst var Sparebankstiftelsen Sparebanken Sør med ein grunnkapital på 600 millionar kroner. Sparebankstiftelsen Hallingdal var nest størst med 560 millionar kroner i grunnkapital.

Stiftelsestilsynet ser generelt ei sunn økonomisk utvikling i sektoren. Bokført eigenkapital og omløpsmidlar aukar mens gjelda minkar. Anleggsmidlar viser ein nedgang, og var i fjor tilbake på 2009-nivå. Årsresultat viser at nokre få har store bokførte tap på finansaktiva, men elles driv dei fleste stiftelsane godt.

Milliardverdiar

Gjensidigestiftelsen er framleis den klart største med ein eigenkapital på nærare 23 milliardar kroner. Sparebankstiftelsen DnB Nor er på ein like klar andreplass med vel åtte milliardar kroner i eigenkapital, framfor Fritt Ord med 2,6 milliardar kroner.



Begge teama i Stiftelsestilsynet samla, framme frå venstre Britt Gundersen, Anja Renate Myrvang, Liv Tystad, Marit Kolstad, Gro Pleym Iversen og Else Tefre. Bak frå venstre Øystein Fosstvedt, Per Ole Sollie, Bjarte Urnes, Terje Gjertsen, Øystein Hjelmset og Tom S. B. Plünnecke.

No kan du søkje i tusenvis av vedtekter

No kan interesserte gjere søk i vedtektene til alle norske stiftelsar. Det betyr at mykje nyttig informasjon blir lettare tilgjengeleg for mange.

Vedtekter og annan nøkkelinformasjon om alle landets stiftelsar er samla i Stiftelsesregisteret. Vedtektene måtte tidlegare hentast fram enkeltvis, men no er det mogleg å leggje inn eitt eller fleire søkjeord. Dermed får du ei liste med stiftelsar som har dei aktuelle søkjeorda i sine vedtekter.

Folk kan for eksempel søkje på ord som student, biletkunstnar eller muskar. Dermed blir det lettare å leite seg fram til aktuelle stiftelsar som har slike grupper som formål.

Nyttig for mange

Stiftelsestilsynet reknar med at mange grupper vil nytte godt av dei søkbare vedtektene. Det kan vere privatpersonar som er på jakt etter stipend, eller eit formål som stiftelsar støttar. Men også forskarar, media og folk flest vil på denne måten skaffe seg lettare tilgang til eit område som hittil har vore rekna som lite tilgjengeleg. Nyvinninga bidreg til å kople dei cirka 3500 stiftelsane som deler ut pengar til aktuelle søkjarar. I tillegg veit vi

at mange stiftelsar ønskjer fleire søkjarar til sine formål.

Samarbeid med Nasjonalbiblioteket

Stiftelsestilsynet har i dette prosjektet samarbeidd med Nasjonalbiblioteket som gjer om store mengder skriven tekst til søkbart format kvart år. Etter å ha fått inn tilbod frå fleire leverandørar, valde Stiftelsestilsynet eit indisk firma til å gjere jobben. Det skjedde ved alle Stiftelsestilsynets filer vart lasta ned på ein server som indarane kunne laste ned og jobbe med.

Prosjektet vart gjennomført ved hjelp av vår eigen kompetanse, samarbeid med ein annan offentleg etat og effektive folk i India. Prosjektet kosta oss difor ikkje meir enn 400 000 kroner.

Mykje kunnskap

Dei søkbare vedtektene er ledd i ein langsiktig strategi der Lotteri- og stiftelsestilsynet ønskjer å gjere lettare tilgjengeleg for publikum store mengder kunnskap tilsynet har (sjå også artikkel om Kunnskapsprosjektet).



Sindre Hauglum (til venstre) og Arne Hammer i avdeling for teknisk utvikling og drift stod sentralt i arbeidet med å gjere tusenvis av vedtekter søkbare i Stiftelsesregisteret.

Passerte 40 prosent kvinner

Stadig fleire kvinner sit i styra i norske stiftelsar. I 2012 passerte kvinnedelen 40 prosent, går det fram av ny statistikk frå Stiftelsestilsynet.

Den store auken var det ikkje. Ved utgangen av året var 40,4 prosent av styremedlemmene kvinner, og det er ein auke på eit halvt prosentpoeng frå året før.

Dermed har stiftelsane nådd målet som er nedfelt i kvoteringslova retta mot ASA-selskap. Her heiter det at 40 prosent av styremedlemmene skal vere kvinner.

Styremedlemmene i stiftelsane er også i stor grad erfarne personar. I 2012 var gjennomsnittsalderen ca. 57 år, og nærare 30 prosent av dei var mellom 55 og 64 år. Nesten ein fjerdedel av styremedlemmene var mellom 45 og 54 år, og litt færre var mellom 65 og 74 år.

Om lag fem prosent av styremedlemmene var under 35 år gamle.



Ny klagenemnd på trappene

Det skjer i 2013

Ei eiga klagenemnd for stiftelsar er på trappene. Venteleg vil ei slik nemnd vere klar frå 1. januar 2014. Fram til no har Justisdepartementet vore klagenemnd i stiftelsessaker. I eit høyringsframlegg blir det føreslege at ei ny klagenemnd i framtida deler sekretariat med Lotterinemnda. I 2012 tok Stiftelsestilsynet mot om lag 50 klagesaker.

Ny stiftelseskonferanse

Våren 2013 er det klart for ein ny stiftelseskonferanse i Førde, og det blir den femte i rekkja. Konferansen er blitt eitt av dei viktigaste faglege treffpunkta for store og små stiftelsar her i landet.

Arbeidet med å vidareutvikle Stiftelsesregisteret vil halde fram i 2013. Det same gjeld tilsynsmetodikken vi laga i 2011.

Stiftelsestilsynet ventar også at meir spørsmål og informasjonsbehov vil flytte seg frå telefon og e-post til nettsidene.

10 største stiftelser utanom sparebank og finans

Namn	Eigenkapital i millionar 2011
Institusjonen Fritt ord	2 622
Stiftelsen SINTEF	1 909
Kristiansand kommunes energiverkstiftelse (Cultiva)	1 364
Stiftelsen Det norske veritas	1 188
Grieg Foundation	1 079
Stiftelsen Brunstad konferansesenter	1 014
Stiftelsen Uni	969
Stiftelsen Kristian Gerhard Jebsen	963
Stiftelsen Norges Varemesse	842
Sigval Bergesen D Y og Hustru Nanki's almennyttige stiftelse	666


10 største stiftelser sparebank og finans

Namn	Eigenkapital i millionar 2011
Gjensidigestiftelsen	22 879
Sparebankstiftelsen DNB Nor	8 173
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	1 799
Sparebankstiftelsen SR-Bank	1 247
Sparebankstiftelsen Ringerike	831
Sparebankstiftelsen Sparebanken Sør	600
Sparebankstiftelsen Hallingdal	560
Sparebankstiftelsen Gran	498
Sparebankstiftelsen Helgeland	480
Sparebankstiftelsen Jevnaker Lunner Nittedal	453


10 største stiftelser etter talet på tilsette

Namn	Talet på tilsette
Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo	1 521
Stiftelsen SINTEF	1 160
Stiftelsen Signo	1 004
Stiftelsen Handelshøyskolen BI	955
Stiftelsen Kanvas	953
Institutt for energiteknikk	607
Stiftelsen Betanien Bergen	535
Stiftelsen Vappusbarnehagene	403
Stiftelsen Kirkens sosialtjeneste	380
Modum Bad – Gordon Johnsons stiftelse	290

Stiftelsar fylkesvis 31.12.2012



Kvalitetsutvikling 2009 - 2012



Momskompensasjon



Tilsette i Team momskompensasjon, frå venstre Beate Varlid, Marion Lexau Nødset, Hanne Kjos og Justin Mulindabigwi.

Frivillig sektor godt nøgd med momsordninga

Den frivillige sektoren er godt nøgd med måten momskompensasjon fungerer på. 67 prosent av organisasjonane svarte i ei undersøking at dei opplever ordninga som ubyråkratisk.

PricewaterhouseCoopers (PWC) gjennomførde undersøkinga på vegner av Kulturdepartementet hausten 2012. I alt deltok 136 organisasjonar i undersøkinga om korleis den frivillige sektoren opplever at ordninga med momskompensasjon fungerer.

Mindre organisasjonar

Ein god del av svarea kom frå mindre organisasjonar. Nærare 50 prosent hadde færre enn 5000 medlemmer. Så mykje som 70 prosent av sentralledda i undersøkinga svarte at momskompensasjon er ubyråkratisk å forhalde seg til. Tilsvarande tal blant underledda var 64 prosent. Hovudfunna i undersøkinga viser at ordninga i stor grad fungerer i tråd med intensjonen. Kulturdepartementet har likevel varsla at arbeidet med å forenkle ordninga vil halde fram.

Underrepresenterte

Undersøkinga viser også at ein del sektorar er underrepresenterte i søknadsbunken når Lotteri- og stiftelsestilsynet skal fordele pengane. Det gjeld til dømes barne- og ungdomsorganisasjonar, innvandrorganisasjonar og frivilligsentralar.

Dessutan viste evalueringa frå PWC mellom anna følgjande funn:

- I søkjarmassen er det ingen markante skilnader mellom landsdelane.
- Ein del organisasjonar som kan søkje momskompensasjon trur at dei ikkje tilhøyrer målgruppene.
- Nokre organisasjonar har ikkje søkt fordi dei har inntrykk av at søknadsprosessen er for arbeids- og kostnads-krevjande.

PWC gjekk gjennom søknadsdokument og klagesaker. Dette i tillegg til spørjeundersøkinga, viser etter PWC sitt syn at det er behov for å tydeleggjere omgrepa frivillig innsats og frivillig verksemd.

Halvparten av dei spurde organisasjonane svarte at dei ønskjer seg ei tydeleggjering av kravet om at frivillig innsats skal vere ein viktig del av verksemda for at dei kan søkje om momskompensasjon. Frivillig innsats si rolle er ein gjengangar i klagesakene. Ei klagjering av omgrepet vil også spele ei sentral rolle i saker som gjeld frivillige organisasjonar som har eit samarbeid med det offentlege, til dømes skular.

Private kostnader

Evalueringa avdekkja også eit behov for å gjere meir klart kva som i søknader blir rekna som private kostnader som ikkje gir grunnlag for kompensasjon. Ute i organisasjonane er det svært ulikt syn på kva som bør reknast som private kostnader, og dette kan gi utslag på søknadsbeløpet.

Lotteri- og stiftelsestilsynet sine tal viser at 68 prosent av underledda ikkje var tekne med i sentralledda sine søknader i 2011. Den store undersøkinga gir svar på kvifor. Det viser seg at underledda i slike tilfelle har ingen eller ubetydeleg økonomi som gir grunnlag for å søkje. Tre av fire underledd som deltok i undersøkinga oppgir same årsak.

Informasjonstiltak

PWC har også brukt svarea i undersøkinga til ein del framlegg når det gjeld informasjonstiltak. Mellom anna meiner PWC at det bør informerast om ordninga i større grad regionalt og lokalt for å nå ut til mindre organisasjonar som ikkje søkjer om momskompensasjon.

Her er nokre andre framlegg i evalueringsrapporten:

- Det bør haldast praktiske kurs der det blir orientert om søknadsprosessen.
- Kompensasjonsforskrift, søknadsskjema og andre søknadspapir blir tilgjengeleg tidlegare enn i dag – gjerne i januar/februar.
- Det bør utarbeidast ei fylldig rettleiing/manual til forskrifta som er samla i eitt dokument.

Stadig fleire leverer elektronisk søknad

Stadig fleire leverer sine søknader om momskompensasjon elektronisk. I 2012 var det berre 14 prosent av søknadene som vart sende i posten.

Stadig fleire leverer sine søknader om momskompensasjon elektronisk. I 2012 var det berre 14 prosent av søknadene som vart sende i posten.

For Lotteri- og stiftelsestilsynet er det mykje meir effektivt å få søknadene levert elektronisk. Målet er difor å få endå fleire til levere på denne måten i framtida. I 2012 vart det delt ut vel 619 millionar kroner i momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar her i landet. Nøkkeltala ser slik ut:

- Det kom inn 907 søknader om å få 1,306 milliard kroner.
- 796 søknader vart godkjende. Dei søkte til saman om 1,267 milliard kroner.
- Dermed fekk alle godkjende søkjarar ei avkorting på cirka 51 prosent på beløpet dei søkte om.

Lokalledda får klart mest pengar gjennom ordninga med momskompensasjon. 47 prosent av dei tildelte pengane gjekk til lokalledd, 17 prosent til sentralledd og 11 prosent til regionalledda i 2012.

Det betyr at stadig fleire lokale lag og foreiningar får momskompensasjon som tilskot til drifta. Talet for 2012 kom opp i 15 608, og det er ein auke på ca. 2000 frå året før.



Frå Storehagen Atrium der Lotteri- og stiftelsestilsynet har lokale i to av fem etasjar.

Idrettsmomsen aukar stadig

Stadig fleire søker om kompensasjon for meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg her i landet.

I 2012 kom det inn 226 søknader, og det er meir enn ei dobling frå året før. I år vart 175 søknader godkjende, og det vart betalt ut 60,4 millionar kroner. Avkortinga på søknadsbeløpet var dermed 10,6 prosent.

Fylkesvis vart det utbetalt mest til idrettsanlegg i Nord-Trøndelag, Akershus og Telemark i fjor. Anlegg i desse fylka fekk utbetalt mellom seks og sju millionar kroner.

Får ansvaret for Grasrotandelen

Det skjer i 2013

Lotteri- og stiftelsestilsynet fekk i januar 2013 ansvaret for tilsyn med Grasrotandelen i Norsk Tipping. Arbeidet er lagt til teamet som jobbar med fordeling av momskompensasjon.

Det skal lagast ei ny forskrift som skal regulere tilsynet med Grasrotandelen. Den er venta å vere klar før sommaren 2013. Inntil då skal tilsynet bruke den gamle forskrifta.

Ikkje fleire tilsette

Målet med den nye forskrifta er mellom anna at det skal bli lettare å luke vekk aktørar som ikkje er seriøse.

Grasrotandelen i Norsk Tipping utgjorde 340 millionar kroner i 2012. I alt var det ca. 23 000 lag og foreningar som fekk tilført grasrotpengar.

Ønskjer forenkling

Det vil også bli endringar i forskrifta som regulerer momskompensasjonen i 2013. Dette arbeidet blir gjennomført i tett samarbeid den frivillige sektoren. Målet er å få til ytterlegare forenkling for organisasjonane, og gjere ordninga meir tilgjengeleg for små organisasjonar.



Dialog og service



Desse har jobba med Kunnskapsprosjektet, frå venstre Kåre Eide, Stig Starheim, Linda Vøllestad Westbye som har leia prosjektet, Finn Sørhus, Anne Mette Hjelle, Johnny Gustavsen og Gunn Merete Paulsen.

Ny kunnskap skal gi kvalitet

Lotteri- og stiftelsestilsynet sit etter kvart med store mengder kunnskap om det som skjer i den frivillige sektoren her i landet. Denne kunnskapen ønsker vi å dele med andre, og det vil vi gjøre gjennom det vi kallar for Kunnskapsprosjektet.

Hovudmålet for Kunnskapsprosjektet er å gi samfunnet auka kjennskap til våre tre sentrale fagområde lotteri og pengespel, stiftelsar og momskompensasjon. Fagområda våre kan mellom anna ause av kjelder som

- informasjon om 7600 stiftelsar som er samla i Stiftelsesregisteret
- informasjon om 5000 lag og foreiningar som er godkjende som lotteriverdige
- informasjon om andre aktørar i pengespelmarknaden
- informasjon om nærare 1000 lag og organisasjonar som vi fordeler momskompensasjon til

I tillegg skal Lotteri- og stiftelsestilsynet frå 2013 vere tilsynsorgan for godt over 20 000 lag og foreiningar som får pengar frå Grasrotandelen til Norsk Tipping.


Tilgjengeleg for mange

Målet vårt er at den kunnskapen vi har skal bearbeidast, systematiserast og gjort tilgjengeleg for våre mange brukargrupper. Visjonen er klar: Kunnskap gir kvalitet. Gjennom ny kunnskap og innsikt ønskjer Lotteri- og stiftelsestilsynet å bidra til gode avgjerder og rett prioritering på alle nivå.

Arbeidet med Kunnskapsprosjektet starta i 2012, men 2013 blir året då prosjektet skal inn i organisasjonen. For å lykkast i prosjektet tok vi strategiske grep som

- gradvis oppbygging
- ekstern formidling
- motivasjon og involvering i heile organisasjonen
- samhandling

Kunnskapsprosjektet er eitt av tre strategiske grep i Lotteri- og stiftelsestilsynet fram mot 2015. Satsinga på kunnskapsproduksjon er eit viktig verkemiddel for å oppfylle vårt samfunnsoppdrag. Vi ønskjer at både fakta og analyse basert på kunnskapen i prosjektet både skal bidra i samfunnsdebatten og vere nyttig for dei som formar politikken her i landet. Målet er kort og godt at kunnskapen vi formidlar skal ha effekt og føre til handlingar i samfunnet.



Vi ønsker at brukarane våre skal nå oss via både PC, nettbrett og mobil.

Vi gjer nettsatsinga meir brukarvenleg

I 2012 utvikla vi nettstaden vår til å møte den auka trafikken frå mobile einingar. Dette gjer vi for at du som brukar skal få tak i den same informasjonen uansett om du besøker oss frå PC, nettbrett eller mobil.

Responsivt design er framtidsretta, og gjer at nettsidene automatisk blir tilpassa skjermbreidda. Det er ein enkel måte å få same side til å fungere like bra på alle moglege skjermstørrelsar.

Vi er av dei første offentlege nettstader som tek i bruk responsivt design. Mobiltilpassa nettsider er også eit av Difi sine krav for kvalitet på nett.

Nøgde brukarar

For andre år på rad har vi gjennomført ei brukarundersøking (sjå eigen artikkel) som viser at publikum er godt fornøgde med våre nettsider. Spesielt verdset brukarane våre at vi legg til rettes for bruk av elektroniske søknadsskjema.

I september arrangerte vi Pengespelkonferansen i Førde. Konferansen vart overført direkte på nettet for dei brukarane som ikkje hadde høve til å vere på konferansen. Alle foredraga er tilgjengelege på video på nettsida til Lotteritilsynet.

Informasjonsfilmar

Vi har produsert ti korte informasjonsfilmar for å gjere informasjon om oss endå lettare tilgjengelig for våre brukarar. For nokon kan det vere enklare og meir motiverande å sjå ein informasjonsfilm om korleis ein løysar ei oppgåve, enn å lese om det på vår nettstad.

Filmene vil bli brukt på nett og i sosiale medium og skal dessutan visast på konferansar og seminarer der vi ønskjer å gi ein visuell presentasjon av tilsynet.

Nye søk i register

No kan du gjere søk i vedtektene til alle norske stiftelsar i Stiftelsesregisteret. Det betyr at informasjon om stiftelsar blir mykje lettare tilgjengelig (sjå eigen artikkel).

Rammene for kommunikasjon har endra seg mykje dei siste åra. Utviklinga med nye medium og ny teknologi har på kort tid skapt nye kanalar for dialog med våre brukarar. Vi ser nytt teverdi i sosiale medium både som formidlingskanal, samarbeidsarena og til deling av kunnskap.



Fleire kanalar

Tilsynet har eigen blogg og er aktive på Twitter og Facebook. Du finn oss på YouTube og vi nyttar bilettenesta Flickr til å gjere oppdaterte pressefoto lett tilgjengelig.

Nettsidene er sjølvsgatt den viktigaste arenaen i møte med våre brukarar, men sosiale medium er eit bra supplement og betre egna for samhandling og dialog med brukarane. Alle våre sosiale kanalar ligg lett tilgjengelig på nettsidene.



Bjørn Leirdal i Samfunnskontakt har stått sentralt i tilsynet si nettsatsing i 2012.



Brukarane våre framhevar god service blant våre tilsette.

Vi har fornøgde brukarar

For andre år på rad utførte vi i 2012 ei omfattande brukarundersøking. Vi spurde mange av dei som hadde vore i direkte kontakt med oss i løpet av året om deira oppleving. Svara vi fekk var oppløftande, og stadfester at humør og god service blant tilsette blir verdsett.

Resultatet stadfestar også at innsats gir resultat. Vi er blitt betre enn året før på mange felt.

I korte trekk viser den siste undersøkinga at brukarane er særst fornøgde med servicen, at dei har svært høg tillit til oss og at tilsette møter dei med eit godt og forståeleg språk. Brukarane framhevar at tilsynet held seg oppdatert på gjeldande lover, reglar og forskrifter. Brukarane er også svært tilfredse med oss samanlikna med andre tilsyn eller direktorat.

Ønskjer konferansar

Det er særleg digitalisering brukarane av alle dei tre fagområda våre framhevar som viktig for dei. Elektroniske søknadsskjema, nettbaserte nyheitsbrev, e-post og gode nettsider er døme på digitalisering. Meir enn halvparten av brukarane seier også at dei vil ha tilbod om konferansar om aktuelle tema. Det er også ein god auke i interessa for at vi er på sosiale medium.

Det er likevel ting vi må ta tak i framover. Vi blir bedne om å informere betre om rettar, ikkje berre plikter, og vi blir utfordra på å vere meir løysingsorienterte. Vi fekk også tilbakemeldingar på at vi må bli betre til å gi same informasjon og rettleiing uavhengig av sakshandsamar.

Todelt undersøking

Kunnskapen vi fekk gjennom denne undersøkinga har vi brukt aktivt i planlegginga av 2013. Målet er å bli eit endå betre tilsyn for brukarane våre. Vi held difor storkurs på det vi er gode på og vi justerer oss på det vi er blitt utfordra på.

Det er TNS Gallup som har utført brukarundersøkinga 2012 for oss. Formålet var å studere behov brukarane har og kor fornøgde dei er med oss som tilsyn. Vi spurde brukarar av Lotteritilsynet, av Stiftelsestilsynet og av momskompensasjonsordninga. Undersøkinga var todelte. Den store kartlegginga skjedde ved hjelp av e-post og telefon, medan vi intervjuar små grupper meir grundig om dei ulike utfordringane som kom fram i den store undersøkinga.

Viktig for oss

Vi vil takke alle som deltok. Brukarundersøkingar av denne typen, der vi følgjer opp med relevante tiltak på det vi kan bli betre på, er gode verktøy for forbetring av tenester. Dette er viktig for oss.

Du kan lese heile undersøkinga på vår nettside www.lottstift.no



Team fellestener, framme frå venstre Sigrun Hauge, Toril Anita Espe og Ingunn Strømsli. Bak frå venstre Randi Høydal, Vemund Gjesholm, Ulf Stockhaus, Anngunn Ulriksen Vartdal, Janne Kleiven og Anett Sundbye.

Stadig fleire krav om innsyn

Stadig fleire krev innsyn i offentlege dokument som går inn og ut av Lotteri- og stiftelsestilsynet. I 2012 kom talet på innsynskrav opp i 3875.

Dermed kom det nesten 600 fleire innsynskrav enn året før. Det medfører sjølvsagt mykje arbeid både i Team fellestenester og hos den einskilde sakshandsamar. Handtering av innsynskrav tek no dagleg om lag seks timar, men kan i periodar ta heile dagen – i nokre tilfelle endå lenger tid.

Nøye kontroll

Arbeidet med å gjere dokumenta offentlege krev mykje kontroll. Personopplysningar og personnummer må skjermast, og det må nøye kontrollerast at filer som er unnateke offentlegheit ikkje er med.

Fram til 1. januar 2013 måtte våre brukarar krevje innsyn i dokument via den store portalen Offentleg Elektronisk Postjournal (OEP). Men heretter kan du leite etter dokument direkte i postjournalen til Lotteri- og stiftelsestilsynet – i tillegg til i OEP.

Opne dokument

I postjournalen finn brukarane våre opne utgåande og interne dokument som kan hentast direkte. Inngåande dokument, og dokument som ikkje er offentlege, kan du be om innsyn i ved å klikke på eit ikon i postlista vår. Krav om innsyn kjem også til ein viss grad på e-post, og kan dessutan setjast fram munnleg.

Talet på journalføringar i Lotteri- og stiftelsestilsynet er redusert noko dei siste åra, og var i 2012 på vel 27 000. Dette er til samanlikning 5000 færre enn to år tidlegare då vi nådde ein topp.

Satsing på digitalisering

I 2012 sette vi søkelys på auka digitalisering. Vi har sidan 2006 hatt tilbod om elektronisk rapportering av rekneskapsopplysningar frå lotteriverdige organisasjonar gjennom Altinn-portalen, og vi tok i bruk eit elektronisk søknadsskjema for momskompensasjon i 2011 (minID).


I 2012 utvikla vi dessutan eit elektronisk skjema for melding om smålotteri. Dette er med på å effektivisere arbeidet både for oss og for våre brukarar. Mot slutten av året starta vi arbeidet med å få fleire av våre skjema tilrettelagt for bruk gjennom Altinn.



Tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet fotografert i den felles kantina i Storehagen Atrium.

Nøkkeltal for 2012

- Ved utgangen av året var det 63 fast tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet.
- Av disse var 20 tilsette i Lotteritilsynet og 13 i Stiftelsestilsynet.
- 30 tilsette var knytte til stabs- og støttefunksjonane, medrekna direktør, sekretariat for Lotterinemnda og dei fem som jobba med momskompensasjon.
- 34 av dei tilsette var kvinner - 29 var menn.
- Gjennomsnittsalderen for kvinnene var 45,3 år - for mennene 47,3 år.
- Det er 54 prosent kvinner i organisasjonen.
- Rekneskapen for dette året viste utgifter på 74,2 millionar kroner.
- Dette var 3,9 millionar kroner under tildelt sum.
- Underforbruket skreiv seg frå sparte lønsutgifter og mindre kjøp av konsulenttenester og andre tenester.
- Refusjonen frå Norsk Tipping var på 34,3 millionar kroner.
- Refusjonen frå Norsk Rikstoto var på vel 2,2 millionar kroner.
- Gebyr frå lotteri gav 8,2 millionar kroner i inntekter.
- Årsavgift på stiftelsar utgjorde 19,6 millionar kroner.
- Gebyr frå nye stiftelsar nådde 300 000 kroner.
- Sjukefråværsprosenten var 4,3 prosent for dei tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet.





Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00 - Fax: 57 82 80 80
postmottak@lottstift.no
lottstift.no

